



Møte om billettsystemet

PRESSEMELDING
09.09.2010

KONTAKTPERSON
Oddmund Sylta,
direktør i Skyss,
mobil 932 30 401

Jostein Hatlebrekke,
adm. dir. Tide Buss,
mobil 928 15 816

Det har i dag vore møte mellom leiinga i Skyss, Tide Buss og dei hovudtillitsvalde i Tide (YTF og NTF). Partane ønskte å diskutere medieoppslaga dei siste dagane om billetteringssystemet i kollektivtrafikken i Hordaland.

– Vi har hatt eit godt og konstruktivt møte, i tråd med den gode dialogen vi òg har hatt undervegs. Deltakarane var samde om at vi ikkje kjenner oss att i mediebiletet av ”kaos i kollektivtrafikken” som har breidd seg den siste tida, seier Oddmund Sylta, direktør i Skyss. Han peiker på at det er over 5000 daglege avgangar i bergensområdet og at ingenting tyder på at det er omfattande problem i trafikken eller at det er nedgang i passasjertala.

– Samstundes veit vi at vi har ein del utfordringar, mellom anna knytt til billetteringssystemet, og dette arbeidar vi kontinuerleg med å løyse. Vi kjem ingen veg utan eit godt samarbeid med alle operatørselskapa og dei tillitsvalde. Nettopp derfor vart det oppretta ei brukargruppe på forsommaren, der representantar for sjåførane i dei ulike operatørselskapa er med på å påverke vidareutviklinga av systemet, seier Sylta.

Møtedeltakarane vart samde om at det vil vere til fordel for alle at Skyss set i verk følgjande:

- Betre interne informasjonsrutinar overfor sjåførane om endringar og rettingar i billettsystemet som Skyss arbeidar med, slik at dei kan følgje framdrifta.
- Vurdere tiltak overfor kundane for å få ned mengda kontantbetaling, som i bergensområdet er svært høg, kring 30 prosent. Tiltak i første omgang vil vere desse:
 - Lansering av FleksiSkyss (klippekortløysing) 24. september
 - Intensivering av arbeidet med å plassere ut fleire billettautomatar



- Kome i gang med prosessen for å få til sal av billetter gjennom kioskar og andre utsalsstader